



Arkivnr: 2016/2443-24
Saksbehandlar: Ingjerd Skogseid

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		23.05.2017

Næringsretta midlar til regional utvikling - Godkjenning av planlagt bruk av unytta kompensasjonsmidlar i Kvam herad for 2015 og 2016

Samandrag

Fylkesutvalet vedtok Plan for bruk av kompensasjonsmidlar 2015 og 2016 den 17. november 2016 (PS 281/2016). I same sak vart det vedteke at unytta midlar i Kvam herad vert utlyst på nytt. Dei unytta midlane vart lyst ut i desember 2016, med søknadsfrist 31. januar 2017. I alt kom det 8 søknadar innan fristen som til saman søkte om kr 7.050.000. Ramma av unytta midlar i Kvam er på kr. 2.546.850,-

Styringsgruppa har på bakgrunn av ramma og dei innkomne søknadar prioritert og utarbeida si innstilling for bruk av dei unytta midlane i Kvam. Innstillinga kjem som eit tillegg til Plan for bruk av kompensasjonsmidlar for 2015 og 2016.

Før innstillinga var handsama vidare kom det spørsmål om habiliteten til ordførar Jostein Ljones i handsaming av søknadane i styringsgruppa. Handtering av dette er utgreidd i saksframlegget. Fordi det har tatt tid å utgreie konsekvensane av habilitetssaka er planen ikkje lagt fram for RNF. For å unngå ytterlegare forseinking er det ikkje bedt om tilråding frå RNF. Som følgje av habilitetsvurderinga av Ljones er alle søknadane vurdert på nytt.

På grunnlag av denne vurderinga tilrår fylkesrådmannen at fylkesutvalet følgjer styringsgruppa si innstilling.

Forslag til vedtak

1. Fylkesutvalet godkjenner at styringsgruppa sitt forslag til Plan for bruk av unytta midlar for Kvam herad blir godkjent.
2. Midlar til bedriftsretta prosjekt overførast til Innovasjon Norge for endeleg behandling

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Bård Sandal
fylkesdirektør regional utvikling

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg

- 1 Plan for bruk av kompensasjonsmidlar i Hordaland 2016 - Restmidlar i Kvam
- 2 Vurdering av habilitet - Samarbeidsrådet for Sunnhordland

Fylkesrådmannen, 08.05.2017

Innleiing

Våren 2014 godkjende ESA Kommunal- og Moderniseringsdepartementet (KMD) sitt framlegg til nytt regelverk for differensiert arbeidsgjevaravgift som gjelder frå 1. juli 2014 og ut 2020.

Det inneber eit vesentleg skifte i ordninga, med nytt regelverk, færre midlar og færre kommunar.

Kommunane som er med i perioden 2015-2020 er Etne, Bømlo, Kvam, og Modalen.

I tildelingsbrevet frå KMD for 2016 vart det signalisert at kompensasjonsmidlane kom til å verte fasa ut etter 2018. I samband med framlegg til statsbudsjettet for 2017 blir det meldt at ordninga med kompensasjonsmidlar straks blir fasa ut og det vil ikkje bli tilført nye midlar i 2017.

Denne saka gjeld prioritering av bruk av unyttta midlar i Kvam herad for 2015- og 2016-løyvinga til denne ordninga.

Tidligare handsaming

I samband med handsaming av plan for bruk av kompensasjonsmidlar 2015 og 2016, den 17. november 2016 (PS 281/2016), blei det gjort slikt vedtak:

1. *Plan for bruk av kompensasjonsmidlar 2015 og 2016 blir godkjent med unntak av midlar til «infrastrukturprosjekt i Kvam», og til prosjekt «Samanslåing og bedriftsutvikling/ Øystese gymnas».*
2. *Benkeprosjekt på Moster Amfi vert løyvd 1,5 mill. i tråd med innstillinga frå styringsgruppa.*
3. *Midlar til bedriftsretta prosjekt overførast til Innovasjon Noreg for endeleg handsaming.*
4. *Unyttta midlar vert lyst ut på nytt.*

Handsaming av unyttta midlar

Dei unyttta midlane gjeld berre for Kvam herad. Midlane vart lyst ut i desember 2016, med søknadsfrist 31. januar 2017. I alt kom det 8 søknadar innan fristen.

I den samanheng vart det lagt ut fyldig informasjon om ordninga på hordaland.no og med krav om at søknadar skal registrerast via regionalforvaltning.no. Ordninga vart også kunngjort via lokalavisa i Kvam. Etter søknadsfristen vart søknadane handsama og prioritert av styringsgruppa for kompensasjonsmidlane i telefonmøte. Det vart utarbeidd ei prioritert liste over dei prosjekta som får støtte og avslag, som eit tillegg til sjølve Plan for bruk av kompensasjonsmidlar for 2015 og 2016.

Ramma av unyttta midlar i Kvam er på kr. 2.546.850,-

Sakshandsaminga blei gjort av Samarbeidsrådet for Sunnhordland.

Den 14. mars fekk fylkeskommunen innstillinga frå styringsgruppa.

Den 21. mars vart fylkeskommunen kontakta av Hordaland Folkeblad ved redaktør Sigbjørn Linga som stilte tre spørsmål til fylkeskommunen mellom anna knytt til habiliteten til ordførar Jostein Ljones i handsaming av søknadane. Desse er:

1. Korleis vil Hordaland fylkeskommune handtera denne habilitetssaka?
2. Kva tankar har Hordaland fylkeskommune gjort seg om kva følgjer det skal få dersom ugilde viser seg å ha delteke på eit av dei fleire trinna (5 i alt no?) på vegen mot vedtak i fylkesutvalet?
3. Kva synest Hordaland fylkeskommune om at ein søkjar får tilgang til informasjon om alle søknadane?

Vurdering av habilitet og behov for ny søknadvurdering i handsaming av søknader til kompensasjonsordninga.

Under er fylkeskommunen si vurdering av habiliteten og sakshandsaming knytt til dei tre spørsmåla om habilitet.

1. Korleis vil Hordaland fylkeskommune handtera denne habilitetssaka?

Habilitet er omtala i retningslinjene for forvaltning av kompensasjonsordninga vedtekne i fylkesutvalet 28.1.2016 (PS 30/2016) der det vert stadfesta at ein nyttar fylkeskommunen sin rutine for habilitetsvurdering. Denne byggjer på Forvaltningslova og Kommuneleva.

Fylkeskommunen sette i verk fleire tiltak som resultat av førespurnaden. Vi bad om ei utgreiing frå Samarbeidsrådet for Sunnhordland, og frå Styringsgruppa for kompensasjonsordning, og forspurte våre eigne juristar om råd.

- A. Samarbeidsrådet har sendt ei utgreiing der dei forklarar koplinga mellom dei og leiar i Kvam Næringsråd Torleif Ljones, sjå vedlegg.
- B. Administrasjonen i Hordaland fylkeskommune har sendt saka over til vurdering av juristane som er knytt til fylkeskommunen. Dei har vurdert saka og konkluderer med at *«Ordførar Jostein Ljones er inhabil, Jfr. forvaltningslova § 6 2. ledd. Vår anbefaling: Ordførar Jostein Ljones kan ikkje delta i handsaminga av denne saka. Det er utvalet som tek avgjerd om inhabilitet, jfr. fvl. § 8 2. ledd. Vi ber difor om at styringsgruppa tek stilling til hans habilitet i møtet.»*
- C. Styringsgruppa har vurdert om ordførar Jostein Ljones var inhabil i møte 03.04.2017 og gjorde fylgjande vedtak
«Styringsgruppa meiner at ordførar Jostein Ljones var inhabil i handsaming av søknad 02e/17 Planlegging av ZIP -line i Norheimsund.»
 På spørsmål om vedtaket gjort i saka er gyldig eller ikkje gjer dei følgjande vedtak:
 - a. *«Styringsgruppa meiner at ordførar Jostein Ljones si deltaking i saka ikkje var avgjerande for vedtaket som vart gjort, og vedtaket var samrøystes.»*
 - b. *«Styringsgruppa opprettheld vedtaket som vart gjort i saka.»*
 Dei støtter seg på «Veileder - Habilitet i kommuner og fylkeskommuner» sjå nærare under spørsmål 2

2. Kva tankar har Hordaland fylkeskommune gjort seg om kva følgjer det skal få dersom ugilde viser seg å ha delteke på eit av dei fleire trinna (5 i alt no?) på vegen mot vedtak i fylkesutvalet?

Fylkeskommunen har retningsliner for habilitet i sakshandsaming for å unngå slike situasjonar og ser at det er beklagelig at slike feil skjer. I fylgje kommunal- og regionaldepartementet sin «Veileder - Habilitet i kommuner og fylkeskommuner» så plikter *«Den som er inhabil ... å trekke seg fra behandlingen av saken. Det er med andre ord et saksbehandlingskrav at saksbehandleren er habil. Formålet med inhabilitetsreglene er å sikre korrekte avgjørelser, opprettholde tilliten til dem som fatter avgjørelsene, og beskytte beslutningstakerne mot at det sås tvil om deres troverdighet.»*

Vidare seier veilederen i kapittel 8

«Dersom en inhabil har deltatt i forberedelsen av eller i avgjørelsen av en sak utgjør dette en saksbehandlingsfeil som kan medføre at det vedtak som er truffet er ugyldig. Et vedtak som lider av en slik saksbehandlingsfeil er likevel «gyldig når det er grunn til å regne med at feilen ikke kan ha virket bestemmende på vedtakets innhold», jf. forvaltningsloven § 41.

I kollegiale organer fører inhabilitet for et medlem ikke nødvendigvis til at organets vedtak blir ugyldig. Det vil bare være aktuelt hvis inhabiliteten kan ha hatt betydning for vedtakets innhold. Normalt vil vedtaket derfor være gyldig i de tilfeller der den inhabile tilhører mindretallet. Dersom den inhabile tilhører flertallet, blir det ikke statuert ugyldighet når stemmetallene er slik at det er uten betydning hvordan representanten ville ha stemt. Et forhold som også kan ha betydning er når vedkommende har stemt konsekvent på samme måte i tilsvarende saker der han har vært habil.»

Styringsgruppa sin uttale om sakshandsaminga seier at vedtak til innstilling var einstemmig i styringsgruppa og det at ordførar Ljones deltok ikkje påverka avstemminga. Ein representant for administrasjonen i fylkeskommunen var tilstande som observatør i telefonmøtet som behandla innstillinga og kan bekrefte det.

Fylkeskommunen har likevel valt å gjennomføre ei intern vurdering av søknadane. Kvar søknad er vurdert av Hordaland fylkeskommune. Til saman 7 personar har vore med å vurdere søknadane. Dei har vurdert søknadane i høve til tildelingskriteria og har konkludert med om prosjektet er

støtteverdig eller om det fell utanfor kompensasjonsordninga. Vurderinga er gjort uavhengig av sakshandsaminga hjå samarbeidsrådet for Sunnhordland og innstillinga frå styringsgruppa. Etter denne gjennomgangen vart 4 prosjekt funne støtteverdige og 4 vurdert som å falle utanfor kompensasjonsordninga. Det er samsvar mellom styringsgruppa si innstilling og den interne vurderinga.

Då styringsgruppa si innstilling og den interne vurderinga er kome fram til at dei same prosjekta er støtteverdige, vel fylkesrådmannen å tilrå at fylkesutvalet stiller seg bak styringsgruppa si fordeling av restmidlar i Kvam.

3. Kva synest Hordaland fylkeskommune om at ein søkjar får tilgang til informasjon om alle søknadane?

Alle post og søknader Hordaland fylkeskommune tek imot er offentleg om det ikkje er særlege grunnar til at det er unnateke j.f. offentlegheitslova. Når dei er lagt inn i arkivsystemet vårt, kan kven som helst be om innsyn i søknadane. At dei som ynskjer det får tilgang til informasjon om søknadane er difor i tråd med offentlegheitslova.

Kort om innhaldet i Plan for bruk av restmidlar i Kvam og vurdering av alle søknadane

Planen er lagt ved denne saka som eige vedlegg. Planen viser kva for søknader som er prioritert og kva for søknader som ikkje er det, og med ei grunngjeving både av dei søknadane som er prioritert og dei som ikkje er det. I gjennomgangen av søknadane under kjem fyrst styringsgruppa si vurdering og så vurderinga som er gjort internt i fylkeskommunen

Ramma av unytta midlar i Kvam er på kr. 2.546.850,-

Nedanfor styringsgruppa si innstilling og oversyn samt Hordaland fylkeskommune si vurdering av kvart prosjekt.

PROSJEKT INFRASTRUKTUR	Omtale side	Restmidlar 2015/2016
Prosjekteringsmidlar gang- og sykkelveg Kvamskogen	Side 3	200 000
Totalt infrastruktur		200 000
PROSJEKT INNOVASJON OG NYSKAPING		Restmidlar 2015/2016
Urban Water Shuttle	Side 4	1 000 000
Totalt innovasjon og nyskaping		1 000 000
PROSJEKT ANDRE TILTAK		Restmidlar 2015/2016
Hardangerbadet	Side 9	1 200 000
Planlegging av ZIP line	Side 11	146 850
Totalt andre tiltak		1 346 850
TOTAL SUM FOR TILDELTE PROSJEKT		2 546 850

(sidetal i tabellen refererer til vedlegget «Plan for bruk av kompensasjonsmidlar i Hordaland 2016 – restmidlar i Kvam»)

Infrastrukturprosjekt:

Prosjekteringsmidlar gang- og sykkelveg Kvamskogen – søkjar Kvamskogen Næringslag

Styringsgruppa si vurdering

Kvamskogen er eit viktig område for reiselivet i Kvam. Området genererer mykje handel i kommunen, og gjev sysselsetting til lokale bedrifter. Rekkefølge kravet frå Statens vegvesen fører til at planane om

utbygging av nær ei dobling av hytter i området ikkje kan gjennomførast før realisering av gang- og sykkelvegen er gjennomført. Difor er prosjekteringa heilt avgjerande for vidare utvikling av Kvamskogen hytteområde.

Prosjektet vil leggje til rette for ei utvikling av Kvamskogen og vil ha ein utløyssande effekt som vil vera til nytte for næringslivet i kommunen.

Hordaland fylkeskommune si vurdering

Prosjektet skal legge til rette for vidare utbygging av fritidsbustader og friluftsliv på Kvamskogen. Kvamskogen er eit viktig område for slik aktivitet, berre 40 minutt frå Bergen og 10 minutt frå regionsenteret Norheimsund. Pr i dag er det omlag 2000 fritidsbustader i området og fleire alpinanlegg og omlag 60 km med tur/ langrennsløyper.

For å kunne utvide talet fritidsbustader vesentleg krev Statens vegvesen mellom anna at det må opparbeidast gang og sykkelveg og planfri kryssing av fylkesveg 7 i området mellom Kvennaelva og NAF. Målet med prosjektet er prosjektere utbygginga, etablere prosjektorganisasjon, avklare med vegvesenet, utarbeide byggesøknad og hente inn tilbod. Statens vegvesen har laga eit prospekt som er dyrt å gjennomføre. Målsettinga er å prøve finne alternative billegare løysingar. Det er løyvd kr 10 mill til utbyggingsprosjektet med finansiering gjennom Kvammapakken.

Dette er eit infrastrukturprosjekt som kan utløyse vidare investering i området på Kvamskogen. Gang og sykkelveg er eit krav frå Statens vegvesen for å kunne bygge ut fleire fritidsbustader. Eit godt trafikkmiljø der ein i varetek mjuke trafikantar vil gjere området meir attraktivt. Dersom det vert muleg å bygge fleire fritidsbustader, vil det kunne ha store ringverknader for næringslivet i regionen, gjennom byggeprosjekt, men og for handel i regionsenteret.

Hordaland fylkeskommune vurderer at prosjektet kvalifiserer for finansiering gjennom kompensasjonsordninga

Prosjekt Innovasjon og nyskaping

Urban Water Shuttle – søkjar Fjellstrand AS

Styringsgruppa si vurdering

Fjellstrand deltek saman med fleire andre bedrifter i Hordaland i utvikling av «Urban Water Shuttle (UWS)», gjennom klyngesamarbeidet Maritime CleanTech.

Denne søknaden går i hovudsak ut på delfinansiering av Fjellstrand sine kostnader ved å utvikla et energioptimalt nullutslepps hurtiggående passasjerfartøy til lågast mogleg investeringskostnader på sambandet Askøy – Bergen.

Klynga har gjennom fleire år arbeidd med utvikling av nullutslepps bybane på sjø, og dette vert no konkretisert gjennom å utvikla eit konseptdesign (dimensjonar, skrogutforming, propulsjon, hastigheit, kraftbehov, ladebehov, osv,) som tilfredsstillar kollektivsystem- og regelverkkrav.

Å testa ut ein slik pilot er etterspurd frå fleire områder med stor persontrafikk på sjø. Det er difor ekstra kjekt at prosjektet no ser ut til å kunna bli testa ut på strekninga Askøy – Bergen.

Sjølv om klynga får tilført midlar frå andre offentlege verkemiddel, må bedriftene som deltek i utviklinga ta ein stor del av kostnadane sjølve. Prosjektet har stor grad av innovasjon.

Fjellstrand har mykje å bidra med inn i eit slikt prosjekt på utviklingssida, og vil og kunne vere ein aktuell bedrift for bygging av Urban Water shuttle. Dette vil igjen vera viktig for næringsutvikling og sysselsetting i Kvam og nabokommunar.

Hordaland fylkeskommune si vurdering

Fjellstrand AS har ein strategi om å vidareutvikle sin kunnskap om aluminium og samtidig være i forkant av utviklinga av ferjer og hurtigbåtar som nyttar batteri og andre innovative framdriftsløysningar. Med dette prosjektet ønsker Fjellstrand saman med samarbeidspartar knytt til NCE Maritime CleanTech klynga, å utvikle eit energioptimalt, nullutslepps, hurtiggående passasjerfartøy til lavast mulig investeringskostnad.

Dei ønsker å kjøre pilot på det fylkeskommunale sambandet Askøy-Bergen.

Hordaland fylkeskommune vurderer prosjektet til å vere støtteverdig. Fjellstrand sitt prosjekt kan sjåast på som eit bedriftsinternt innovasjons, kompetanse og omstillingstiltak. Det er mest relevant å finansiere prosjektet i fase 1 og 2 fram til val av operatør.

Prosjekt andre tiltakHardangerbadet 2017 – søkjar Kvam herad*Styringsgruppa si vurdering*

Hardangerbadet (HB) ved Kvam herad fekk kr 4 mill frå kompensasjonsmidlar 2014. Før denne tildelinga vart det gjort avklaringar på at søknaden gjaldt den kommunale delen i prosjektet. Det gjer denne søknaden også.

I vedlegga som føl søknaden kjem det godt fram at det er gjort eit grundig arbeid frå 2014 fram til no. Blant anna med å få på plass avtalar med sentrale aktørar og støtte frå fylkeskommune, næringsliv og kommunane i regionen. Prosjektet er eit tre-partssamarbeid. Det har vore ein usikkerheit kring eigarforholdet til hotellet. Det har vore DNB som forvaltar eigarskapet til hotellet. DNB har vore i møte med kommunen og informert om situasjonen kring hotellet. DNB har gjennomgått hotellet med omsyn til teknisk standard og verdisetting. Dette er no avklart, og DNB har no selt Hardangerfjord hotell til ny eigar LAB AS. LAB AS har planlagt nybygg og renovering av eksisterande bygg til ca 40 mill. kroner, i tillegg skal dei samarbeida om realisering av Hardangerbadet eigedom, Hardangerbadet KF og Helsebanken. Med ny eigar av hotellet ligg no alt til rette for å realisera og byggja totalprosjektet.

Kommunen har stilt som vilkår for si deltaking at alle element i prosjektet kan realiserast, Ein avgjerande føresetnad for realisering av prosjektet slik det no føreligg er på plass. Ei realisering av prosjektet vil kunne skape mellom 30 og 50 ny arbeidsplassar.

Hordaland fylkeskommune si vurdering

Hardangerbadet er eit stort nytt bade-, helse-, trenings, og velværesenter under planlegging. Målsettinga er å ha ein helsebringande profil og skal gi betre helse- og livskvalitet for mange. Senteret vil kunne gi nye arbeidsplassar og vil vere eit tilbod som gjer det attraktivt å bu og arbeide i Hardanger. Prosjektet er eit samarbeid mellom Kvam herad, Hardangerfjord hotell, Helsebanken ANS, Helsebanken fysioterapi AS og Tonus Fysioterapi og trening. Kvar av dei vil bygge ut sine deler og drifte dette saman for å hente ut synergieffektar.

Det vart også søkt på den ordinære utlysinga kompensasjonsmidlar 2015 og 2016. På det tidspunktet var eigarforholda til Hardangerfjord Hotell uvisst. Hotellet er ein av tre partar i samarbeidet. Søknaden vart difor avslått. No er eigarforholda avklara.

Hordaland fylkeskommune vurderer prosjektet som støtteverdig, det vil bidra til utvikling i regionen, gjere den meir attraktiv som bu- og arbeidsområde, vere eit tilbod til ferierande turistar og utfylle aktivitetstilbodet i regionen.

Planlegging av ZIP-line i Norheimsund - søkjar Kvam Næringsråd*Styringsgruppa si vurdering*

Ei etablering av ei ZIP line vil gje Kvam og Hardanger ein spektakulær attraksjon som vil kunne gje reiselivet store ringverknader. Det er dokumentert at turistar vil ha opplevingar, ikkje berre natur. Dette prosjektet vil kunne gje begge delar. Linja det vert lagt opp til vil truleg vere Europas lengste. Prosjektet er forankra i Kvam Næringsråd og Kvam herad og det er søkt Olav Thon stiftelsen om midlar. Den er ikkje handsama enno.

Det er brukt ein stor del kompensasjonsmidlar til tilrettelegging av området rundt Steinsdalsfossen. Ei støtte til dette prosjektet vil auke attraksjon i området enno meir og vil styrka reiselivet, som er eit satsingsområde i Hardanger og Hordaland.

Hordaland fylkeskommune si vurdering

Dette er eit forprosjekt for å vurdere realisering av eit opplevingstilbod, ein attraksjon som gjev ringverknader for reiselivsnæringa i regionen dersom det fører fram til etablering og styrke såleis reiselivsnæringa i regionen. At prosjektet er planlagt knytt opp til Steinsdalen der Statens Vegvesen har gjennomført utbygging knytt til satsinga nasjonale turistveggar er svært positivt. Her får prosjektet samlokalisering med turistinformasjonen og har tilgang til etablert parkeringsplass saman med attraksjonen Steindalsfossen. Det er eit tidleg-fase prosjekt som fell utanfor andre finansieringsordningar. Hordaland fylkeskommune vurderer at prosjektet kvalifiserer for finansiering gjennom kompensasjonsordninga.

Prosjekt som ikkje har fått støtte.

I kapittel 7 i planen er det gjort ei oppsummering og vurdering av dei prosjekta som ikkje blei prioritert. Nedanfor er vurderingane teke med. Totalt dreier det seg om 4 prosjekt.

Styrking av studiesenter i Hardanger – Søkjar Stifelsen Høgskuleutdanning i Hardanger

Styringsgruppa si vurdering

Søkjar opplever at endringar i høgskule og universitetsstrukturen nasjonalt har gjort det vanskelegare å få tilgang til videooverført undervisning. Høgskulereforma er gjennomført det siste året, og fleire høgskular er fusjonert.

Dersom ein konsekvens av reforma er at høgskulane prioriterer ned desentralisert undervisning er dette og eit politisk spørsmål, som bør takast vidare. Dette bør eigarane av Stiftinga Høgskulen i Hardanger i så fall kunne ta ansvar for.

I søknaden kjem det tydeleg fram at det er utfordringar med stiftinga sin eigen modell for utdanning, og at samarbeid og nettverk mellom dei tre studiestadane ikkje er tilfredsstillande. Dette skuldast og manglande økonomi. Søkjar ynskjer å styrka studiestadane gjennom tettare samarbeid, involvering, forankring, dialog og tydelegare oppgåvefordeling enn det ein har fått til tidlegare, og slik leggja til rette for drift og utvikling av stiftinga.

Både prosjektmåla og resultatmåla i søknaden virke fornuftige, men oppgåvene for å nå måla ber preg av drift. Gjennomføring av desse tiltaka vil og bør kunne gje stiftinga ein betre økonomi.

Hordaland fylkeskommune si vurdering

Stiftinga Høgskuleutdanning i Hardanger står overfor interne og eksterne utfordringar. Ein opplever at intern organisering i tre studiestader er utfordrande og at det må arbeidast med korleis ein samarbeider. Endringar i universitets- og høgskulestrukturen gjer at det er vanskeleg å få tilgang til desentral videooverført undervisning. Truleg eit resultat av dei store samanslåingane i høgskulesektoren. Dette har ført til at etterspurte studier ikkje lenger er tilgjengelege. Prosjektet omfattar aktivitetar for å utvide studietilbodet, utarbeide marknadsføringsmateriell og utvikling av studiestadane i Kvam og Eidfjord.

Hordaland fylkeskommune vurderer at prosjektet fell utanfor kompensasjonsordninga då aktivitetane i prosjekt ber preg av å ikkje utvikle noe nytt, men omfatte aktivitetar som ein bør forvente fell inn under drift av organisasjonen.

Tilpassa utdanning til næringslivet sitt kompetansebehov – søkjar Øystese gymnas / Norheimsund vidaregåande skule

Styringsgruppa si vurdering

Vekslingsmodellen er ein utdanningsmodell som kombinerer skule og læretid. Elevane er då delvis på skule og delvis i lære i bedrift. Ved å tilby dette unngår ein å avgrense vala til elevane grunna manglande tilbod på VG2. Steigenmodellen er ei utgåve av dette. Då har elevane kun opplæring i fellesfag på skulen, og har all programfagopplæring og læretid i bedrift. Ved å ta i bruk ein slik modell, vil skulen kunne gje opplæring i mange fleire lærefag enn det ein er i stand til i dag.

Ut i frå dokumentasjon som er vedlagt søknad, er det svært gode erfaringar med denne opplæringa i Steigen, og det er fylkestinget i Nordland som i 2013 gjorde vedtak om oppretting av modellen. Som det kjem fram av søknaden er det Hordaland fylkeskommune som må gjera vedtak om ei eventuell oppretting av eit slikt tilbod i Kvam.

Stortinget har og gjort vedtak om vekslingsmodellen innanfor vidaregåande skule.

Kompetanse og tiltak mot fråfall er satsingsområde i Hordaland. Denne søknaden fell godt inn i desse, og satsingar innan regional utvikling.

Søknaden fell innfor kriteria for bruk av kompensasjonsmidlar, men styringsgruppa rår søkjar til å drøfta prosjektet med Hordaland fylkeskommune for å få testa ut ein slik modell i Hordaland.

Det er naturleg at kostnadane vert tekne av Hordaland fylkeskommune.

Hordaland fylkeskommune si vurdering

Øystese gymnas / Norheimsund vidaregåande skule søker om støtte til å ta i bruk ein nye utdanningsmodell som er meir fleksibel og tilpassa næringslivet sitt behov. Ein ønskjer å prøve ut Steigenmodellen der elevane berre får undervist fellesfag på skulen medan alle programfagopplæring samt læretida vert gitt i lærebedrifta. Ved å ta i bruk ein slik modell vil skulen kunne tilby utdanning i langt fleire lærefag enn i dag,

noe næringslivet etterspør. Aktivitetar i prosjektet omfattar å få på plass avtalar om læreplassar, rekruttering av elevar til ordninga, og få på plass godkjenning hjå overordna myndigheiter i Fylkesutvalet. Hordaland fylkeskommune vurderer at prosjektet fell utanfor kompensasjonsordninga då aktivitetane i prosjektet ber preg av å vere politikkkforberedande aktivitetar internt i Hordaland Fylkeskommune.

Støtte til klatrevegg i ny idrettshall – Søkjar Framnes kristne vidaregåande skule

Styringsgruppa si vurdering

Framnes Vidaregåande skule er ein av dei store private arbeidsplassane i Kvam, med 60 fast tilsette. Skulen er godkjend for 270 elevar, men har plass til 230 på internatet. Resten bur heime. I ein konkurranseutsett sektor må ein arbeida målretta og vera villig til å investera i nye bygningar, fasilitetar og utstyr for å kunne tilby ein oppdatert og moderne skule innan studiespesialisering og idrett. Det er heilt avgjerande for skulen si framtid at ein prioriterer konkurransekraft med tanke på sjølve grunnlaget til skulen, interesse i marknaden og tilgang på nye elevar.

Dette er bakgrunnen for at skuleeigar no investerer nær 40 millionar i ny idrettshall, eit bygg som skal innviast og klar til bruk i 2017.

I samband med dette søker skulen no kr 700 000,- til delfinansiering av ein klatrevegg i den nye idrettshallen. Dette var i utgangspunkt inkludert i anbodet, men teken ut på grunn av at eigarane ikkje makta finansiere det opphævelege anbodet på vel 50 mill kroner, og måtte ta ut ein del av det planlagde utstyret. Framnes kristne vidaregåande skule er ein viktig arbeidsplass i Kvam, og det er svært positivt at skulen heile tida er oppteken av fornying og utvikling. Ny idrettshall med nye fasilitetar vil sjølvsagt vera med å gjera tilbodet meir attraktivt.

Styringsgruppa meiner likevel at ei støtte til ein klatrevegg ikkje er avgjerande for rekruttering til skulen, og til oppretthalding av arbeidsplassar. Søknaden går på investering og har liten næringsretta relevans.

Hordaland fylkeskommune si vurdering

Framnes kristne vidaregåande skule (privat skule) søker om å midlar til å bygge ein klatrevegg i sin nybygde idrettshall. Klatreveggen var i utgangspunktet inkludert i utbyggingsplanane for idrettshallen, men av økonomiske årsaker måtte det takast ut av byggeprosjektet og handterast som eit separat prosjekt. Idrettshallen, ei investering på nær 40 millionar, er no under bygging og skal vere klar til bruk hausten 2017. Hordaland fylkeskommune vurderer at prosjektet fell utanfor kompensasjonsordninga då det er eit prosjekt innafor området kultur og idrett som krev særleg dokumentasjon for næringsretta relevans, dette er ikkje dokumentert i søknaden.

Hardanger Adventure House – søkjar Bygdagnist AS

Styringsgruppa si vurdering

Forventa resultat av dette prosjektet er ein ny samlingsplass for friluftaktivitetar, samlingsplass for innbyggjarane i området og reklameobjekt for regionen.

For å få dette til vert det kravd ei naudsynt oppgradering av bygget, både innvendig og utvendig, slik at det vert mogleg med heilårsbruk av bygget.

Dette vil kunne gje nye arbeidsplassar og spennande kontorlokale i eit kreativt miljø.

Styringsgruppa meiner at dette er eit spennandes tiltak, der fleire aktørar gå inn og skaper eit attraktivt miljø, som igjen kan vera med på å styrka eit heilskapleg reiselivstilbod i Hardanger.

Søknaden går på investering i bygg og styringsgruppa meiner at søknaden fell utanom kriterier for bruk av kompensasjonsmidlar.

Hordaland fylkeskommune si vurdering

Hardanger Adventure House skal etablere seg i Holmatun i Øystese, Kvam. Holmatun er eit kombinert kultur- og fritidssenter. Senteret skal vere ein samlingsstad for bedrifter/organisasjonar som satsar på adventuremarknaden i reiselivet i Hardanger. For å kunne drive senteret som dei planlegg trengs det oppgradering av kontorfasilitetar, samt oppgradering av kjøkken og serveringslokale.

Hordaland fylkeskommune vurderer at søknaden fell utanfor kompensasjonsordninga då prosjektet omfattar investering i bygg og er fremma av ei mindre bedrift i samarbeid med eit par andre mindre bedrifter, som alle har felles eigar. Mindre bedrifter kan ikkje søke om midlar frå kompensasjonsordninga.

Fylkesrådmannen si vurdering

Fylkesrådmannen har gått gjennom planen «Plan for bruk av kompensasjonsmidlar i Hordaland 2016 – restmidlar Kvam» og har ytterlegare kommentarar knytt til følgande prosjekt

Urban Water Shuttle – søkjar Fjellstrand AS

Prosjektet er basert på finansiering frå ulike finansieringskjelder, før endeleg tilsegn må heile eller deler av prosjektet fullfinansierast. Å gå direkte inn å støtte eit privat innovasjonsprosjekt med offentlege midlar blir vurdert som direkte bedriftsstøtte jf. Forskrift for distrikts- og regionalpolitiske virkemidler §9a. Den fastsette ramma vil derfor bli overført til Innovasjon Norge for vidare handsaming, slik at støtta kan bli gitt i tråd med gjeldande regelverk for bedriftsstøtte.

Hardangerbadet 2017 – søkjar Kvam herad

Med atterhald om at det vert utarbeida ein endeleg finansieringsplan der blir tatt omsyn til tildelingane frå kompensasjonsordninga, vil fylkesrådmannen tilrå at føreslått ramme vert tildelt.

Planlegging av ZIP-line i Norheimsund - søkjar Kvam Næringsråd

Med atterhald om positiv konklusjon på moglegheitsstudien, studien som skal sjå om det er teknisk mogleg å utvikle tilbodet, vil fylkesrådmannen tilrå at føreslått ramme vert tildelt.